



Det er imorgon føremiddag klokka 11 naturfotograf Jan Rabben frå Stord kjem i Kvinnherad Senioruniversitet og fortel om korleis den unike boka Høgt og lågt i Kvinnherad vart til. Møtet er i Rosendal Fjordhotell. På biletet over presenterar han 2 sider med bilete frå Skorpo som kjem til å gå inn i historia som viktig historisk dokumentasjon frå den spennande øya utanfor oss.

Det er truleg ikkje mange kommunar i landet som har vorte så gjennomfotografert i nyare tid som Kvinnherad. Også andre lokale fotografar har bidratt til det, til dømes Atle Helland, og det er gjeve ut fleire eineståande bøker.

Likevel tek nok den boka som Rabben har hovudæra for prisen både innhaldsmessig og fototeknisk og det er ei facinerande historie han kjem til å presentera i Rosendal onsdag føremiddag. Alle kvinnheringar bør ha boka i hylla.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen